

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 139/2024

2024/EØS/72/27

av 12. juni 2024

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsavgjerd (EU) 2023/2463 av 3. november 2023 om offentleggjing av brukarrettleiinga for deltaking i EU-ordninga for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Avgjerd (EU) 2023/2463 opphevar kommisjonsavgjerd 2013/131/EU⁽²⁾, som er teken inn i EØS-avtala og følgeleg skal opphevast i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Teksta i EØS-avtala vedlegg XX nr. 1eae (kommisjonsavgjerd 2013/131/EU) skal lyde:

”**32023 D 2463**: Kommisjonsavgjerd (EU) 2023/2463 av 3. november 2023 om offentleggjing av brukarrettleiinga for deltaking i EU-ordninga for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 (EUT L, 2023/2463, 10.11.2023).”

Artikkel 2

Teksta til avgjerd (EU) 2023/2463 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 13. juni 2024, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 12. juni 2024.

For EØS-komiteen

Nicolas von Lingen

Formann

⁽¹⁾ TEU L, 2023/2463, 10.11.2023.

⁽²⁾ TEU L 76 av 19.3.2013, s. 1.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.